
Faglærer si fråsegn, og skulen si behandling av klager på standpunktkarakterar i fag – ei rettleiing

Meininga med denne rettleiinga er å tydeleggjere kva som er forventa av alle involverte i behandlinga av klager på standpunktkarakterar. Vi håpar dette vil skape felles forståing for alle partar.

1. Tidspunktet for fastsetjing av standpunktkarakter

Standpunktkarakteren skal uttrykke den kompetanse eleven har i faget *ved avslutninga av opplæringa*. Innsende dokument skal vise når standpunktkarakteren vart fastsett (ikkje når han vart publisert). Faglærer *skal* gjere greie for korleis eleven har fått høve til å forbetre kompetansen sin gjennom opplæringstida i faget.

I undervegsvurderinga får eleven vist kompetansen sin, og får gode råd om korleis han/ho kan auke denne. Kompetansen eleven har vist undervegs i opplæringa *kan* difor vere ein del av faglærer si vurdering ved avslutninga av opplæringa. Læraren må sjølv vurdere, og vise, korleis kompetansen eleven har vist undervegs har *relevans* ved fastsetjing av standpunktkarakteren.

2. Standpunktkarakteren skal vere fastsett på fleire og varierte måtar

Faglærer skal *leite etter eleven sin kompetanse*, og eleven skal ha fått høve til å vise kompetansen sin på *fleire og varierte måtar*. Sidan kompetansemåla omfattar ulike ferdigheiter og kunnskapar, skal læraren bruke varierte vurderingsmåtar/-situasjonar for å få informasjon om eleven sin kompetanse. Observasjon av eleven, *samtalar* og *dialog*, er med på å gi læraren kunnskap om eleven si utvikling og kompetanse. Faglærer si fråsegn kan *ikkje* utelukkande vise til resultat frå prøvar og testar, eller berre ein eller få vurderingssituasjonar.

3. Standpunktkarakteren skal uttrykke ei samla vurdering av eleven sin kompetanse ut frå læreplanen i faget – og vurderinga skal gjerast på eit riktig grunnlag Samla vurdering

Faglærer skal gjere ei vurdering av eleven sin samla kompetanse ved fastsetjing av standpunktkarakteren. Det betyr *ikkje* at læraren må vurdere eleven i alle kompetansemåla rett før standpunktkarakteren vert fastsett, men at læraren skal vurdere eleven sin kompetanse samla, ut frå kompetansemåla i læreplanen for faget. Det er *ikkje* høve til å vurdere kompetansen på grunnlag av utvalde kompetansemål. I vurderinga av eleven skal faglærer sjå breidda av kompetansemåla i læreplanen. Å vurdere samla kompetanse inneber å løfte blikket frå eitt og eitt kompetansemål og sjå dei i

samanheng (å sjå heilskapen). Det er dette som ligg i *ei samla vurdering av eleven sin kompetanse*.

Statsforvalteren vil *ikkje* kontrollere at absolutt alle kompetansemåla er vurdert eksplisitt, men vi vil vurdere om det er gjort ei samla vurdering ut frå kompetansemåla i faget. Læraren kan ikkje skildre kompetansen utelukkande i form av ein talkarakter, avkryssing i målskjema, eller gjennom å oppgi standpunktkarakteren som eit snitt av fleire karakterar. Faglærer må beskrive *med ord* den aktuelle eleven sin kompetanse i faget.

Riktig grunnlag

Det er læreplanen i faget som er grunnlaget for å vurdere eleven. Innsats, oppmøte, kreativitet og sjølvstende er sentrale moment for å lære i fag, men skal *ikkje* trekkast inn i standpunktvurderinga. Dette er eksempel på utanforliggende element, om dei ikkje går eksplisitt fram av læreplanen. I kroppsøving skal innsats vere ein del av vurderinga. Orden og oppførsel vert vurdert uavhengig av den fagkompetansen eleven viser.

Kompetanse er i sum kunnskap og ferdigheiter. Når elevane sin kompetanse skal vurderast ved avslutninga av opplæringa, kan ein *ikkje* ta utgangspunkt i *enten* kunnskap eller ferdigheiter. Vurderinga av eleven sin kompetanse *må* ha ein klar raud tråd til sjølve grunnlaget for vurdering, nemleg læreplanen. At kompetansemåla i læreplanen er grunnlaget for vurdering i fag, betyr også at faglærarane heller ikkje kan etablere eit vurderingsgrunnlag som går utover det læreplanen krev.

4. Rektors fråsegn

Rektor skal *alltid* uttale seg før klagesaka vert sendt til Statsforvalteren. Rektor skal gjere greie for om saksgangen på skulen har vore i samsvar med forskrifta.

Rektor skal kort gjere greie for/skildre skulen sine rutinar for fastsetjing av standpunktkarakterar, mellom anna tidspunktet for når den påklaga standpunktkarakteren er fastsett, og dei andre punkta over.

I tillegg skal rektor gjere greie for om standpunktkarakteren er fastsett i samsvar med forskrifta § 3-15. Ein sentral del av denne vurderinga er at rektor har vurdert faglærer si fråsegn, og kvalitetssikra denne.

Rektor må konkludere om han/ho meiner at faglærer si fråsegn viser at standpunktkarakteren er sett i samsvar med reglane for fastsetjing av standpunktkarakterar.

5. Oversending til Statsforvalteren skal innehalde

- klagen
- faglærer si fråsegn
- rektor si fråsegn
- klagar si adresse/kontaktopplysningar

Oversendinga skal *ikkje* innehalde utdrag frå sentrale læreplanar, eksempel på elevarbeid, lokale læreplanar, utgreiingar om sjølve undervisninga etc.